


# Rettleiing



## FOR SENTRALLEDD VED INNMELDING AV TILKNYTINGAR MELLOM EININGAR I FRIVILLIGREGISTERET

### Overordna krav


- 1) Tilknytingsforhold skal meldast av sentralleddet på vegner av underliggjande regionale og lokale ledd.
- 2) Når du skal registrere tilknytningar mellom einingar, må alle einingane det gjeld ha eit organisasjonsnummer og vere registrert i Frivilligregisteret (FV). Du finn informasjon om kva einingar som er registrerte i FV i søkefunksjonen for FV.
- 3) Innmelding av tilknytningar mellom einingar må du melde inn på eit rekneark (Open Document Format ODF eller Excel-format).

### Krav til oppsett og innhald i fil

- a) Filnamnet må identifiserast med organisasjonsnummer for sentralledd, med år, månad og dato:  
*xxxxxxxxx\_aaaammdd.xls*. For eksempel:  
*980123456\_20100218.xls*. Bruk dato for når fila blir sendt til Brønnøysundregistra.
- b) Reknearket må berre innehalde tre kolonnar med organisasjonsnummer. Det må ikkje vere mellomrom i organisasjonsnumra (berre ni siffer utan mellomrom).
- c) Sentralledd melder du i kolonne 1, ni siffer i organisasjonsnummer, feltet kan ikkje stå tomt.
- d) Regionalledd melder du i kolonne 2, ni siffer i organisasjonsnummer, feltet kan stå tomt dersom regionalledd ikkje finst.
- e) Lokalledd melder du i kolonne 3, ni siffer i organisasjonsnummer, feltet kan ikkje stå tomt.
- f) For kvar rad i tabellen må det alltid vere organisasjonsnummer for sentralledd og lokalledd, og organisasjonsnummer for regionalledd lokalledd dersom det finst regionalledd.

- g) Det må alltid vere eitt sentralledd og minimum eitt lokalledd i gruppa. Eit lokalledd kan knytast direkte til eit sentralledd (dersom regionalledd ikkje finst).
- h) Same eining (organisasjonsnummer) kan ikkje eksistere på ulike nivå.
- i) Du kan berre føre opp same lokalledd ein gong.
- j) Eit regionalledd kan ikkje vere tilknytt to ulike sentralledd.

Figuren nedanfor: Eksempel på tilknytningar mellom einingar i ein organisasjon.



Eksempel på innhaldet i ei fil for denne organisasjonen:

SL1	RL1	LL1
SL1	RL1	LL2
SL1		LL3
SL1	RL2	LL4
SL1	RL2	LL5

SL = Sentralledd      RL = Regionalledd  
LL = Lokalledd

### Innmelding blir gjort med fullt fotavtrykk.

Med fullt fotavtrykk meiner vi at opplysningar om alle einingar kor det er registrert tilknytningar mellom einingane i FV må vere inkludert i fila, det vil seie at sentralleddet alltid må ha *ei* oppdatert fil med alle tilknytningar (både tidlegare registrerte og nye tilknytningar) ajourførte.

### Eksempel Noregs Handikapforbund:

938661316	986986812	987654321
938661316	986986812	976543210

Her melder sentralleddet Noregs Handikapforbund (938661316) knytning til regionalleddet Noregs Handikapforbund Agder (986986812). Vidare melder dei to lokalledd som er tilknytt regionalleddet, høvesvis Kristiansand Handikafelleskap (987654321), og Tvedestrand Handikafelleskap (976543210).

### Eksempel Prostatakreftforeininga:

987509791		994443925
-----------	--	-----------

Her melder Prostatakreftforeininga (987509791) direkte knytning til lokalleddet Prostatakreftforeining Bergen (994443925). Regionalledd finst ikkje.

## Innsending av fil

Utfylt rekneark sender du som vedlegg med e-post til [firmapost@brreg.no](mailto:firmapost@brreg.no) med denne overskrifta på e-posten: «*Tilknytingar mellom einingar i Frivilligregisteret – namn på sentralledd*».

Fila må sendast inn på e-post av den personen som er registrert med rett til å melde til Frivilligregisteret (kontaktperson, dagleg leiar eller forretningsfører). Legg inn kontaktinformasjon (inkludert telefonnummer) i tekstfeltet i e-posten, slik at vi kan kontakte sentralleddet om innsending av fil dersom det trengst.